

## **SAK 23/15 SØKNAD OM TILSKOT, «FÅRESTILLING» - NASJONALT SENTER FOR ULL OG FÅR.**

### **Saksopplysning**

Hallingdal Næringshage søker på vegne av involverte interessentar om kr. 180.000 til utgreiing av ein arena/lokalitet for ull og får.

*«Prosjektet skal utgreie alle sider som kan danne grunnlag for å etablere ein arena/lokalitet som kan brukast til:*

- *profilering av produksjonen av saueprodukt (frå jord til bord/plagg)*
- *profilering av produkt med sentrum i sau (kjøt, ull, opplevingar)- til forbrukar og bedrift*
- *arena for kursing og utdanning (matfag, andre produksjonsarbeidarar)*
- *arena for matkonkurransar.*
- *profilering av opplevingsprodukt utnytta av reiselivet*
- *landbruk med sauen i historisk kontekst - spesielt vil ull være nyttig*

*Den skal samstundes fannne om ulike interessegrupper som husflidslag og lokalmatprodusenter. Det ikkje sikkert at dette er berre ein lokalitet. men eit nettverk av fleire. Etter at innhald og utforming av det fysiske rom skal prosjektet visualiserast og prosjektbeskrivelse for eventuell realisering lagast.»*

Målet i denne fasen er å ende ut med ein sluttrapport som grunnlag for eit hovudprosjekt, for eit eventuelt senter/nettverk for får og ull.

Involverte interessentar blir oppfatta å vera Nortura, Norilia, Gol Reismål og Hallingdal Næringshage.

Det blir skissert at effektar av satsinga vil kunne vera:

- *Bidra til trygging og utvikling av Nortura og Norilia, Gol, ein av dei største private bedriftene i Hallingdal. Denne trygginga vil vidare virke positivt for primærprodusentane (bøndene) i regionen (også utover Hallingdal)*
- *Styrke motivering, kvalitet og fokus på lokal rekruttering til matfag*
- *Bidra til å etablere eit ekstra besøksmål i Hallingdal*
- *Bidra til auka fokus på lokale produkt*
- *Auka nasjonal forståing av bygdekultur og saueneringsa*
- *Auka forståing av ull som produkt i historisk kontekst*
- *Ei fagleg styrking for innhaldet i arrangementet "Fårefestivalen"*

Prosjektet er godt forankra i store delar av regionalt næringsliv med hjørnesteinsbedriftene Nortura

og Norilia, Gol i spissen. Gol Reismål sluttar opp om idèen. Det vil bli arbeidet med avklaringar i høve andre landbruks- og reisemålsprosjekt.

Det vil fyrst bli utarbeida eit enkelt forprosjekt evt. forstudie, der styringsgruppa består av Gol Reismål, Norilia, Nortura og Hallingdal Næringshage AS.

Forprosjektet skal avklare nivå og omfanget til annan deltaking. Det skal inviterast til medverknad frå Regionrådet, Sau og Geit Buskerud/evt nasjonalt og Buskerud Fylke.

Prosjektet vil ha følgjanda fasar:

*«Fase 1: Etablering / mobilisering av forprosjekt / forstudie (bl a avdekke fleire interesser)*

*Fase 2: Konseptualisere innhald og attraksjonskraft basert på interssepartanes behov*

*Fase 3: Utforming av idegrunnlag i tid og fysisk rom*

*Fase 4: Visualisering og presentasjon av fase 2 og 3*

*Fase 5: Sluttrapport med eventuell anbefaling»*

Arbeidet med sluttrapport skal vera avslutta 31.1.2016.

Prosjektet er tenkt finansiert slik:

– Gol Reismål (eigeninnsats)	kr. 45 000
– Norilia (eigeninnsats)	kr. 45 000
– Nortura (eigeninnsats)	kr. 45 000
– Andre interessentar (eigeninnsats)	kr. 45 000
– Regionale utviklingsmidlar	<u>kr. 180 000</u>
Total sum	<u>kr. 360.000</u>

### **Vurdering**

Tiltak for å trygge og utvikle landbruksrelaterte arbeidsplassar i Hallingdal er positivt. Dersom foreslått satsing også er med å set fokus på lokale produkt og kan vera eit positivt bidrag til reiselivet er det av det gode. Etter dagleg leiar sitt syn er det viktig at prosjektet får ei regional forankring allereie i startfasen.

### **Forslag til vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 180.000 til utgreiingsarbeid i samband med utvikling av av ein arena/lokalitet for ull og får. Det blir rådd til at tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.

Ål 18.5.2014

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

### **Vedlegg:**

1. Hallingdal Næringshage, søknad dat. 14.5.2015

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2015-0145	<b>Søknadsår</b>	2015	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Regionale utviklingsmidler i Hallingdal			
<b>Prosjektnavn</b>	"Fårestilling" - Nasjonalt senter for ull og får			

### Kort beskrivelse

Sau og lam frå Hallingdal og Fjellregionen (verdens beste og reinaste råstoff) skapar verdier på mange vis. Bønder, foredlingsindustri (med Nortura/Norilia i front) og reiselivet haustar i dag godt av dette. For å sikre og vidareutvikle dette trengst det omfattande produktutvikling og profilering. Å skape ein arena/lokalitet som kan brukast i slikt arbeid, vil vera viktig del av arbeidet. Hallingdal Næringshage søkjer med dette, på vegne involverte interessentar, om midlar for utgreiing av det

### Prosjektbeskrivelse

Prosjektet skal utgreie alle sider som kan danne grunnlag for å etablere ein arena/lokalitet som kan brukast til:

- profilering av produksjonen av saueprodukt (frå jord til bord/plagg)
- profilering av produkt med sentrum i sau (kjøt, ull, opplevingar)- til forbrukar og bedrift
- arena for kursing og utdanning (matfag, andre produksjonsarbeidarar)
- arena for matkonkurransar.
- profilering av opplevingsprodukt utnytta av reiselivet
- landbruk med sauen i historisk kontekst - spesielt vil ull være nyttig

Den skal samstundes famne om ulike interessegrupper som husflidslag og lokalmatprodusenter. Det ikkje sikkert at dette er berre ein lokalitet. men eit nettverk av fleire.

Etter at innhald og utforming av det fysiske rom skal prosjektet visualiserast og prosjektbeskrivelse for eventuell realisering lagast.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Hallingdal Næringshage AS Org.nr:863534402	Gamlevegen 6 3550 GOL	93259380
<b>Kontakt- person</b>	Ingrid Hillestad Medhus, leder Nortura Gol	Nortura, Gol 3550 GOL	-
<b>Prosjekt- leder</b>	Gudmund Brekko	Gamlevegen 6 3550 GOL	93259380

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Nei

Hallingdal Næringshage eller samarbeidsparter har ikkje fått tilskudd for dette spesielle

forprosjektet/forstudien.

## **Spesifikasjon**

### **Bakgrunn**

Fårefestivalen på Gol har over 5 år bygd seg opp til å bli eit vesentleg arrangement både på regionalt og nasjonalt nivå. Potensialet er likevel ikkje på langt nær utnytta. Difor har Hallingdal Næringshage as fått finansiert eit prosjekt gjennom Fjellregionnettverket med oppdrag å sjå på korleis mat-arrangement kan samarbeide for å skape større næringsutvikling og verdiskaping i fjellområda. Det prosjektet blir fullført i oktober 2015. Dette prosjektet hadde sin bakgrunn i ei projektskisse med arbeidstittel "Fårefestival – heile året".

Prosjektarbeidet har fødd idèar og avdekka behov som ikkje blir dekkja av ovannemnde prosjekt, og ein av desse idèane er oppbygging av ein "lokalitet/showrooms" som kan brukast til produktlansering (Nortura; Norilia, lokalmatprodusentar og andre), infoverksemd, kokeopplæring, kokkekonkurransar, kulturell og historisk betydning for fårepårodukt og ull lokalt, nasjonalt og kanskje internasjonalt osv.

### **Prosjekt mål**

Målet er å lage en sluttrapport basert på ein forstudie/forprosjekt som grunnlag for eit eventuelt senter/nettverk for får og ull. På dette prosjektgrunnlaget kan hovedprosjektet bygge vidare på.

### **Forankring**

På nasjonalt nivå er fokus på landbruk, kulturlandskap og reiseliv i kombinasjoner viktig. Det er forankra i Fylkesmannens planer for utvikling av landbruksprodukter "Regionalt næringsprogram for landbruket i 2013 - 2016" i fleire satsingsområde.

Det harmonerer godt med Fylkeskommunale planer bl a "Regional plan for verdiskaping og næringsutvikling 2015 - 2020" og "Regional reiselivsplan "Først mot fremtiden 2010-2016".

Prosjektet er godt forankra i store delar av regionalt næringsliv med hjørnesteinsbedriftane Nortura og Norilia, Gol i spissen. Opplæringssystemet (skule og lærebedrifter osv.) vil også vera ei viktig forankring. Gol Reismål sluttar opp om idèen. Det er såleis forankra i reiseliv, handel og produksjonsbedrifter lokalt.

Det vil bli arbeidet med avklaringer i høve andre landbruks- og reisemålsprosjekt framover ellers. Men som enkel forstudie / forprosjekt er det allereide solid forankring for søknaden. Alt med regionale ringverknader.

### **Prosjektorganisering**

Det organiseres som ett enkelt forprosjekt evt. forstudie, hvor styringsgruppen består av Gol Reisemål, Norilia, Nortura og Hallingdal Næringshage AS.

Hallingdal Næringshage AS vil ha ein operatørrolle som prosessveileder i forstudien / forprosjektet.

Det inviteres til medverknad frå Regionrådet, Sau og Geit Buskerud/evt nasjonalt og Buskerud Fylke. Medverkanden til desse interessentane må avgjerast etter samtale med partane. I ei forstudie vil ikkje alt være klart og idèutforminga i forprosjektet vil avklare nivå og omfanget til annan deltagelse.

**Samarbeidspartnere**

Nortura (ynskjer eit utsillingslokal som viser historie, produksjon og produkt)  
 Norilia (ynskjer eit utsillingslokal som viser historie, produksjon og produkt)  
 Gol Reisemål (fremme regionens kulturelle egenart og saunæringen for reiselivsformål)  
 Hallingdal Næringshage (prosess- og prosjektveileder)

Ønskelige samarbeidsparter blir kontakta gjennom forstudie-/prosjektet.

Sjå elles forrige avsnitt.

**Aktiviteter**

Forstudien er prosessorientert med følgende faser:

Fase 1: Etablering / mobilisering av forprosjekt / forstudie (bl a avdekke fleire interesser)  
 Fase 2: Konseptualisere innhald og attraksjonskraft basert på intersepartanes behov  
 Fase 3: Utforming av idegrunnlag i tid og fysisk rom  
 Fase 4: Visualisering og presentasjon av fase 2 og 3  
 Fase 5: Sluttrapport med eventuell anbefaling

**Målgrupper**

Målgruppa for det endelige resultatet er:

- Bedriftsbesøk til produsentar i Hallingdal (Nortura, Norilia, lokalmatprodusentar m m)
- Private besøksgrupper med ynskje om å lære om produksjonen / produksjonsbedriftene
- Reiselivsbeøkande med ynskje om å forstå historisk og kulturell egenart for sauenæringen (ull og fåreprodukt)
- Fagskoler og generell rekruttering til landbruksnæring, produksjons- og næringsmiddelbedrifter
- Utdanningssystemet for matfag til reiselivet

Ein slik lokalitet har mange målgrupper. Det generelle publikum vil vera ei viktig målgruppe, dvs. vanlege brukarar/besøkande i Gol/Hallingdal. Vidare vil dette vera eit viktig lokale for Nortura si profilering for leverandørar og kundar. Arbeidet med rekruttering til viktige stillingar i reiselivet (mat) vil også vera ei viktig målgruppe.

**Resultat**

Eit godt gjennomarbeidd grunnlag for (evt.) å realisere den aktuelle idèen, der lokalisering, innhald, utforming, kostnader, finansiering og drift er utgreidd og vurdert

**Effekter**

Ei vellukka gjennomføring av prosjektet vil ha desse effektane:

Bidra til trygging og utvikling av Nortura og Norilia, Gol, ein av dei største private bedriftene i Hallingdal. Denne trygginga vil vidare virke positivt for primærprodusentane (bøndene) i regionen (også utover Hallingdal)

- Styrke motivering, kvalitet og fokus på lokal rekruttering til matfag
- Bidra til å etablere eit ekstra besøksmål i Hallingdal

RF13.50 – www.regionalforvaltning.no

- Bidra til auka fokus på lokale produkt
- Auka nasjonal forståing av bygdekultur og saueneringa
- Auka forståing av ull som produkt i historisk kontekst
- Ei fagleg styrking for innhaldet i arrangementet "Fårefestivalen"

m m m.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

Fase 1: Etablering av forprosjektet (1.9)

Fase 2: Konseptutvikling innhald og avklaring medverkande utover samarbeidspartane (1.11)

Fase 3: Konseptutvikling lokalisering og form lokalitet (nytt eller eksisterende) (15.12)

Fase 4: Visualisering av fase 2 og 3 (31.1.16)

Fase 5: Sluttrapport med anbefaling om eit eventuelt gjennomføringsprosjekt (31.1.2016)

### Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Adm., reknskap og revisjon	5 000	10 000				15 000
Konseptualisering / idédugnader for innhald	80 000					80 000
Mobilisering, møter og reiseutgifter	30 000	10 000				40 000
Prosjekt- og prosessveiledning	60 000					60 000
Sluttrapport med anbefaling		20 000				20 000
Utforming fysisk senter (eksisterende eller nytt)	95 000					95 000
Visualisering og presentasjon av totalkonsept	50 000					50 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>320 000</b>	<b>40 000</b>				<b>360 000</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Andre interesseparter (egeninsats)	35 000	10 000				45 000
Gol Reismål (egeninsats)	35 000	10 000				45 000
Norilia (egeninsats)	35 000	10 000				45 000
Nortura (egeninsats)	35 000	10 000				45 000
Regionale Utviklingsmidler (tilskudd)	180 000					180 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>320 000</b>	<b>40 000</b>				<b>360 000</b>

**Geografi**

600-Buskerud

**Vedleggsliste**

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato